



Sakshandsamar:

Ole Ingar Hagen Hæreid
 E-post: Ole.Ingar.Hagen.Hæreid@sfj.no
 Tlf.: 41530954

Vår ref.

Sak nr.: 19/4468-2
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 24.05.2019

Statens vegvesen
 Vegavdeling Oppland, Plan og trafikk Oppland

Gamle Strynefjellsveg - Avgrensing av tilgang for dei største bussane og bubilane

Etter vår vurdering kan innføring av restriksjonar skape utfordringar spesielt for turistnæringa. Vi forstår likevel at det kan vere naudsynt med restriksjon på tilgang på vegen med den tilstanden som er i Oppland.

Vi viser til Vegavdeling Sogn og Fjordane, som tidlegare har uttalt at det er viktig med forvarsling på Ospeli og ved sommarskiseret, slik at bilar kan snu ved behov. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i denne vurderinga, då det ikkje er høve til å snu ved grensa mellom Sogn og Fjordane og Oppland. Avgrensinga vil i praksis gjelde frå sommarskiseret og austover.

I innspel frå Statens vegvesen, vegavdeling Sogn og Fjordane, syner dei til at vikepliktskilt skal stå aleine. Ved rv. 15 Ospeli er det forslag om at det skal hengast opp eit skilt som varslar restriksjonen på eksisterande skiltstolpe med vikepliktskilt. Vegavdeling Sogn og Fjordane tilrår at skiltet vert plassert på eiga mast.

Vi viser også til Stryn kommune, som beklagar at vegen vert nedklassifisert. Dette vil medføre ei innskrenking for reiselivsnæringa og turistkommunen Stryn. Når det gjeld sjølve skiltplanen peiker Stryn kommune på at det er viktig at varslingsskilt ved rv 15 ikkje kan mistydast og avvise trafikk til Videseter hotell og Stryn sommarskiser. All skilting må som eit minimum vere på norsk og engelsk.

Konklusjon

Restriksjonar på gamle Strynefjellsveg vil, etter vår vurdering, skape utfordringar for reiselivsnæringa og turistkommunen Stryn. Vi ser likevel at det kan vere nødvendig med restriksjonar på vegen med tilstanden som er i Oppland. Det er viktig med forvarsling både på norsk og engelsk på Ospeli og ved sommarskiseret. Varslingsskilta må vere eintydige slik at det ikkje oppstår mistydingar som medfører avvist trafikk til Videseter hotell og Stryn sommarskiser.

Med helsing

Dina Lefdal
 Fylkesdirektør

Ole Ingar Hagen Hæreid
 Plan- og beredskapsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Statens vegvesen Vegavdeling Oppland, Plan og trafikk Oppland